

---

**Fra:** Tonje Nepstad Epland  
**Sendt:** fredag 20. april 2018 13.14  
**Til:** 'Ole harald Johansen'; 'akj@framo.no'  
**Kopi:** Pål Kjetil Tufta (pkt@arkoconsult.no)  
**Emne:** SV: Turløype Manger - orienering om nabovarsling og nabomerknad

Hei

Som det fremgår av vår e-post under er det foreløpig bare gjennomført nabovarsling. Kommunen har ikke mottatt noen byggesøknad. Når kommunen ikke har mottatt byggesøknad kan vi ikke treffe vedtak.

Det dere har levert er en merknad til en byggesak. Det er ikke en klage. Det er en viktig forskjell. Merknaden blir vurdert som en del av byggesaksbehandlingen, når kommunen har mottatt byggesøknaden, og ikke i et eget vedtak. Dere vil med andre ord ikke få et eget vedtak som gjelder de brevene dere har sendt til kommunen.

Når kommunen har behandlet byggesøknaden og har truffet et vedtak i byggesaken vil dere få vedtaket tilsendt. Da har dere mulighet for å klage på det.

Hvis det er gjort en utstikking av løypen er det nok bare søker som har gjort dette for å kunne plassere løypen riktig i kartet som skal legges ved byggesøknaden. Det betyr ikke at løypen er godkjent eller at arbeidet er påbegynt.

Nå må dere bare avvente til kommunen har mottatt en søknad og har fått behandlet denne. Igjen så har vi forståelse for at dette er utfordrende for dere, men det er et stort prosjekt som har krevd endringer underveis og prosessen tar tid.

Fylkesmannen har ingen rolle i en kommunal byggesak før det eventuelt foreligger et vedtak (byggeløyve) som dere har klaget på.

Ønsker dere en god helg.

Helsing

Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

**Rødøy kommune**  
Rødøyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 50  
E-post: [tonje.epland@rødøy.kommune.no](mailto:tonje.epland@rødøy.kommune.no)



---

**Fra:** Ole harald Johansen [<mailto:ole1974@icloud.com>]  
**Sendt:** fredag 20. april 2018 11.14

**Til:** Tonje Nepstad Epland

**Kopi:** Einar Færø; Lisbeth Toppe Alvær; Jon Askeland; Pål Kjetil Tufta ([pkt@arkoconsult.no](mailto:pkt@arkoconsult.no))

**Emne:** Re: Turløype Manger - orienering om nabovarsling og nabomerknad

God foremiddag

Takk for utfyllande skissert Mail.

Gunnar og Elsa Jordal sin eigedom ligg nær inntil friområde i Manger sentrum

De har søkt om dispensasjon frå reguleringsplan i samband med etablering av turløype

Nabovarsel vart sendt 15.03 2017- me fekk ingen tilbakemelding slik me ba om når me klage på vedtak

Nytt nabovarsel motteke av 21.03.2018- sendte rekommendert merknad på dette den 22.03, me har enno ikkje motteke vedtak ?

Me er snart 94 og 91 år gamle, dette fell tungt for oss etter å ha budd 50 år i Grønålvegen.  
I går oppdaga me tilfeldig at de har stykke delar av løypa rundt eigedomen som me har sendt merknad på.

Me har i dag kontakta Fylkesmannen rundt det juridiske her, og fått god veiledning  
Eiketræra må i tillegg ivaretakast slik føringene tilseier

Imøteser no ein dialog og etterlyser vedtak i første omgang.

Mvh

Elsa og Gunnar Jordal  
Grønålvegen 16  
5936 Manger

Den 23. mar. 2018 kl. 14.39 skrev Tonje Nepstad Epland

<[tonje.epland@radøy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radøy.kommune.no)>:

Hei

Dykkar e-post av 22.03.18.

Den politiske handsaminga av turløypa på Manger er ferdig. Det er vedteke politisk at det skal etablerast ei turløype.

Turløypa skal no handsamast som ei byggesak etter plan- og bygningslova. Det er byggesaka dykkar foreldre er varsle om.

Radøy kommune har engasjert føretaket Arkoconsult AS som ansvarleg søker. Det vil sei at det er Arkoconsult som lagar søknaden og sender denne til byggesak i kommunen for handsaming.

Alle søknader etter plan- og bygningslova skal nabovarslast, før søknaden vert sendt til kommunen. Som ansvarleg søker er det Arkoconsult som har ansvar for nabovarslinga.

Nabovarslingsfristen etter plan- og bygningslova § 21-3 er 2 veker.

Nabovarsel vert sendt på grunnlag av listar frå egedomsregisteret. Nabovarsel vert difor sendt til den som er heimelshavar til egedomen. Korkje kommunen som bygningsstyresmakt eller Arkoconsult som engasjert konsulent har moglegheit for å vite at dei som står oppført som heimelshavar til ein egedom ikkje ynskjer/orkar å motta post som gjeld egedomen. Om dykk vil unngå dette i framtida må dykk ta kontakt med Statens kartverk og få lagt inn ei c/o adresse. Det vil i så fall vere c/o adressa som kjem opp på nabovarslingslistar og i andre offentlege register og dokument.

Me forstår at dette er utfordrande for dykkar foreldre, men nabovarslinga i denne sakha har skjedd fullt ut i tråd med både plan- og bygningslova og forvaltningslova. Korkje bygningsstyresmakta eller konsulenten kjenner tilhøva for den einskilde mottakar av eit nabovarsle, og må helde seg til dei krav og fristar som gjeld etter lova.

Det skal vere opplyst på nabovarslinga kven dykk skal sende eventuelle merknader til. Merknader skal sendast til den som har varsle. I dette tilfellet er det Arkoconsult. Denne e-posten går i kopi til Arkoconsult for å gje dei merksam på dykkar merknader. Kommunen rår likevel til at dykk leverer merknad direkte til Arkoconsult innan fristen, om dykk har fleire synspunkt. Når Arkoconsult har motteke merknader frå dykk, og eventuelt andre naboar, skal dei gjere greie for korleis desse kan takast i vare i prosjektet. Arkoconsult sender så dykkar merknad, saman med sine vurderingar til kommunen, som grunnlag for kommune sin handsaming av bygesaka.

Når det gjeld naturmangfold er det mellom dei omsyn som skal takast i vare i byggesakshandsaminga. Det er kommunen sitt ansvar å sjå til.

Me gjer merksam på at byggesakshandsaming er ein administrativ oppgåve og at ordføraren ikkje tek del i byggesakshandsaminga i kommunen.

Om dykk har spørsmål om prosjektet rår me til at dykk tek kontakt med Arkoconsult.

## Helsing

Tonje Nepstad Epland  
Leiar teknisk forvaltning

**Radøy kommune**  
Radøyvegen 1690, 5936 Manger  
Tlf.dir: 56 34 90 50  
E-post: [tonje.epland@radoy.kommune.no](mailto:tonje.epland@radoy.kommune.no)

<image003.jpg>

---

**Fra:** Einar Færø  
**Sendt:** torsdag 22. mars 2018 14.52  
**Til:** Tonje Nepstad Epland

**Kopi:** Ingrid Didriksen

**Emne:** VS: SV: re: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

---

**Fra:** Jon Askeland

**Sendt:** 22. mars 2018 14:34

**Til:** Einar Færø

**Emne:** VS: SV: re: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

Sjå vedlagde.

Med helsing

Jon Askeland

Ordførar

Radøy kommune

Tlf 47 45 97 20

Tlf 56 34 90 10

[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

<image004.png>

---

**Fra:** Ole harald Johansen [<mailto:ole1974@icloud.com>]

**Sendt:** 22. mars 2018 09:18

**Til:** Jon Askeland; Postmottak Radøy

**Kopi:** [akjordal@online.no](mailto:akjordal@online.no); [eirk.jordal@yahoo.com](mailto:eirk.jordal@yahoo.com)

**Emne:** Fwd: SV: re: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

Viser til tidligare korrespondanse av 23.02.2017

Vedlagt Mail- torer minne på at me til dd ikkje har fått tilbakemelding frå dykk, ber om skriftlig tilbakemelding på dette.

Det at de no sender ut ein nytt rekommendert varsel til mine gamle foreldre med nok ein kort varsel er heilt uakseptabel framferd av dykk.

De har heller ikkje svart far min Gunnar Jordal på hans merknad i fjar ?

De vil me og ha svar på .

Det at de ikkje svarte oss i fjar gitt at de no sender rekommendert sending stiller me oss svært skeptisk til

Dette er heller ikkje i tråd med Forvaltningslova måten de har gjennomført dette på.

Me forventer ei klar og tydeleg tilbakemelding

Dette er ikkje ei bra utvikling.

Overordna myndighet må koplet på her med tanke på verneverdig vegetasjon, dette ber eg i dag om utgreiing og tilbakemelding om.

Mvh

Anne Kristine Jordal

Dalemarka 117

5918 Frekhaug

Eirik Jordal  
Austesundvegen 17  
5936 Sæbøvågen

**Fra:** Ole harald Johansen <[ole1974@icloud.com](mailto:ole1974@icloud.com)>  
**Dato:** 23. februar 2017 kl. 23.45.09 CET  
**Til:** Jon Askeland <[jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)>  
**Kopi:** Postmottak Radøy <[postmottak@radoy.kommune.no](mailto:postmottak@radoy.kommune.no)>,  
Jarle Landås <[Jarle.Landas@radoy.kommune.no](mailto:Jarle.Landas@radoy.kommune.no)>, Arthur  
Kleiveland <[Arthur.Kleiveland@radoy.kommune.no](mailto:Arthur.Kleiveland@radoy.kommune.no)>, Bente  
Kopperdal Hervik  
<[bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no](mailto:bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no)>  
**Emne: Re: SV: re: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.**

Kjære Jon @ co i Radøy Kommune

Viser til tidlegare korrespondanse.  
Far min og mor mi ( Gunnar og Elsa Jordal ) på hhv 90 og 93 år mottak i går ( 22.02) eit rekommendert nabovarsel om anlegging av turløype som går rundt tre ( av totalt 4) av eigedomens grenser.  
Ikkje nok med det- fristen med merknad er satt til to veker ( frå 17.02).

Korleis ivaretar de naboar på dette viset ?  
Foreldra mine er naturleg nok svært engstelige no på måten dette handterast på.  
Me vil prøve å bistå dei - men vonar de kan stå inne for tidlegare uttale der de tek omsyn til naboane, og går i dialog.  
Foreldra mine er ikkje sterke nok lenger for uvarsla påkjjenningar av denne karakter.

- korleis ser de for dykk at de tek omsyn til naboane med denne turløypa slik den er varsle ? Bed om tilbakemelding i samsvar med reguleringsplanen.

Mvh  
Anne Kristine Jordal

Den 7. apr. 2015 kl. 09.23 skrev Jon Askeland  
<[jon.askeland@radoy.kommune.no](mailto:jon.askeland@radoy.kommune.no)>:

God morgen, og vel overstått påske!

Eg vil for ordens skuld melda tilbake at  
merknaden er motteken, og den vart lagt fram i  
formannskapsmøtet den 26. mars.

Det er ikkje teke endeleg avgjerd i saka enno.

Kommune er oppteken av å få til ei løysing som  
både gjev turglede, og tek omsyn til naboane.

Eg rår til å kontakta Bente K Hervik, som er den  
som arbeider med løypa.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Postmottak Radøy  
Sendt: 26. mars 2015 08:31  
Til: Jarle Landås; Jon Askeland; Arthur  
Kleiveland  
Emne: VS: Førebels Merknad til plan for løype i  
senterområde på Manger.

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Ole harald Johansen  
[\[mailto:ole1974@icloud.com\]](mailto:ole1974@icloud.com)  
Sendt: 25. mars 2015 22:56  
Til: Postmottak Radøy  
Kopi: [akj@framo.no](mailto:akj@framo.no)

Emne: Førebels Merknad til plan for løype i senterområde på Manger.

Viser til Strilen sin omtale av framlegg til turløype i Manger sentrum av 25.03.2015 Dette vil bli drøfta i formannskapsmøte i morgen, og bed om at denne marknaden blir teken med.

Grunneigar i Grønålvegen 16, I dag Elsa og Gunnar Jordal Vil få denne turløypa tett inntil eigedomsgrensa, og må rekna med betydeleg støy, innsyn og truleg skjenerandes lys (?) fra stolpar langs løypa.

Manger sentrum er planregulert.

På det smalaste partiet står freda eiketrær, noko slik me ser detvanskeleggjer krav til løypeopplegget.

Mvh

Elsa og Gunnar Jordal.